



Gunvor Landa og Kristian Bringedal med eitt av Stranda-måleria som ho eig. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Hvis du har eit eller fleire måleri av Stranda-målarane i Lindås bør du gje eit vink til kultursjef Kristian Bringedal eller Gunvor Landa på Seimsfoss. Under museumsdagen på Bygdetunet Rød 19. august skal det nemlig vera ei utstilling av desse unike oljemåleria.

Måleriproduksjonen var faktisk ei god attåttnæring frå 1940 og heilt fram til 1960 på denne staden og må kallast eit målareventyr uansett kva ein måtte meine om den kunstnarlege standarden. Gunvor Landa har for sin del fem av desse måleria og rundt om i Kvinnherad heng det sikkert mange fleir..

Bygda Stranda ligg på ei halvøy mellom Hindenesfjorden og Austfjorden. Dei fleste av dei små gardsbruka der er for små til å brødfø ein familie og det har vore naudsynt med attåttnæring ned gjennom tidene. Det kunne vera så mangt – frå sildefiske til toving av ullskor – men i 1940 dukka et opp sit nytt og spanande levebrød som ikkje berre gav ekstraintekt men jamvel eit sjølvstendig levebrød for mange: Landskapsmåling med oljefargar på papp-plater, lagt til rette for masseproduksjon!. De fleste målarane budde på garden Hølleland, best kjent under det lokale namnet Hørland, Om lag 12 personar skaffa seg utstyr og vart målarar. Bileta vart selde for 5-10 kroner stykket.

Hvis det skulle verta ei brukbar årsløn måtte produksjonen vera stor og det utløyste ein viss mekanisering. I byrjinga vart nokre papp-plater stilte opp atmed kvarandre og kunstnaren kunne måla same strøket på platene etter tur. Men dei mest oppfinnsomme konstruerte ein karusell drive av ein elektrisk motor. Den største karusellen hadde plass til åtte maleri samstundes. Med avpassa fart på karusellen vart penselstrøka plasserte på plate etter plate. Så vart karusellen klargjort for ein ny rundgang og nytt motiv. Men variasjonane var ikkje så store.

Målaren henta gjerne dei fem-seks motiva sine frå lokalmiljøet. Det kunne vera fossefall, fjell, fjord, holmar og skjær og båten var ofte med. Kor stor produksjonen eigentleg var er det ikkje så lett i meina noko om, men Bergens Tidende har anslått at det kunne bli produsert 20.000 måleri årleg til ein førstehandsverdi på 120.000 kroner! Einar Helland opererer i ein artikkel med ein produksjon på åtte bilete for kvar heildagsmålar, noko som gjev knapt 15.000 i årsløn – det var ei brukbar inntekt den gongen.

Masseproduksjonen av oljemåleri vart kjent utover heile landet og det vart seljarar overalt. Måleria vart sende i posten og det var vanleg å ha 25-50 bilete i kvar pakke.

Hordamuseet har tidlegare hatt utstilling av Stranda-måleri – no kjem altså turen til Uskedalen og Bygdetunet Rød.

Av Ola Matti Mathisen